



KULTUR

Send inn tips til:  
[post@osogfusa.no](mailto:post@osogfusa.no)  
 eller ring 56 30 29 50

# Ro oselvar til fjells?



**ROTUR:** Turen starter med roing frå Os til Skjørsand, før følget skat opp på Bogafjellet. (Foto: Vidar Langeland)

Atle Bergseth meiner at norske tradisjonsbåtar blir for lite brukt. Difor inviterer han til ein noko annleis tur for å skapa blest om båtane.

– Eg har prøvd segling med konkurransebåtar og turbåtar. Dei norske tradisjonsbåtane er glimrande til både tur og segling. I dag er dei for lite brukt, og ofte nedstøva i naust. For å få merksemd kring dette, inviterer eg

folk med på tur neste helg, seier Bergseth.

## Frå Os til Fusa og tilbake

Båt-entusiasten er ikkje frå Os. Han er oppvaksen i Fana og bur no i Nordhordland. Bergseth har vore i kontakt med Oselvarlaget og Fusa Turlag, som han no samarbeider med.

– Turen går frå Oselvarnaustet på føremiddagen laurdag neste helg. Vi skal ro over fjorden til Skjørsand, der det vil vera ein turleiar frå Fusa Turlag som ventar på oss. Vedkommande skal ta oss med til Bogafjellet, seier Bergseth.

Seinare same dag returnerer turføl-

gjet til Osøyro.

– Vi har kalla det “Ro til fjells”, noko som sikkert høyrer litt sprøtt ut. Vi skal ikkje det, men vi kombinerer roturen med ein flott gåtur, seier Bergseth, som meiner at ein langs norskekysten har ypparlege høve til å gjennomføra slike kombinasjonsturar.

– Ein kan ro frå øy til øy og gå ein tur, til dømes. Det finst mange kystfjell, fjell som ikkje er så høge, men som gjev fantastisk utsikt både innover i landet og utover sjøen. Det kan ofte vera greitt å ta båten for å kryssa fjorden eller koma til ei øy for å finna eit slikt fjell.

## Med i Kystsogevøkene

Til arrangementet stiller Oselvarlaget med båtar, men Bergseth seier at det er lov til å stilla med sin eigen tradisjonsbåt. Turopplegget er del av Kystsogevøkene 2017.

– For dei som er interesserte kan ein sjekka ut nettsida til Kystsogevøkene, seier Bergseth.

► **Benjamin Søgne Olsen**

[benjamin@osogfusa.no](mailto:benjamin@osogfusa.no)

## Tønnevis av kystkultur

Laurdag er det open dag hjå Tønnegarden med eit fullstappa program.

– Dagen hjå oss er del av Kystsogevøkene. Vi samarbeider med Bogøy- og Holmefjord Bygdautval, heldigvis, for vi hadde ikkje klart å stella i stand dette åleine, seier Jostein Gangstø i Tønnegarden og legg til:

– No kjempar vi på for å få alt klart, men det skal gå fint.

### Skal klippa snora

I tillegg til eit program som inneheld musikk frå Holmefjord Musikklag, opning av Tønnefloftet, foredrag av Nils Kolle, minikonsert med Hanna Øygard, omvising i verkstaden, talkshow og bøk-karduell, blir det marknad, sal av mat og drikke og leikar og aktivitetar for born og vaksne.

Foredraget ved Nils Kolle er om tønneproduksjon i den lokale kystkulturen i Fusa.

– Vi jobbar med å få fram handverket

til vanleg. Det er det som er det sentrale med dagen i helga også, seier Gangstø. Tidlegare blei det produsert tønner i nesten kvar ei bu i Nore Fusa og både menn, kvinner og born var engasjerte i arbeidet. I dag er dette tradisjonsrike arbeidet i ferd med å forsvinna. Familien Gangstø driv framleis med tønneproduksjon og i 2012 opna dei Tønnegarden Économusée, eit visingssenter som ivaretek bøk-karhandverket. I samband med at Tønnegarden er vertskap for Kystsogedagen i Nore Fusa, blir det også innviing av Tønnefloftet.

– Vi skal klippa snora. Eg satsar på å få far min, Olav Gangstø, til å stå for snor-klippinga. Han bygde båtar i si tid. På loftet blir det historiske bilete av båtar og tønneproduksjon, samt salting, båtbyg-gjartradisjonar og anna gardshistorie, seier Gangstø.

► **Benjamin Søgne Olsen**

[benjamin@osogfusa.no](mailto:benjamin@osogfusa.no)



**TØNNEPRODUKSJON:** Bøkkar Jostein Gangstø og resten av Tønnegarden inviterer til open dag i helga. (Foto: Camilla Kvamme)



## Er du mellom 60 og 75 år og plages av bekymringsangst?



Generalisert angstlidelse rammer 5-10% av alle mennesker i løpet av livet. Personer med generalisert angst plages av at de bekymrer seg svært mye.

Bekymringen blir en stor belastning, og reduserer både livskvalitet og evne til å fungere godt.

Generalisert angst er den vanligste angstlidelsen blant eldre.

Mange utvikler denne type bekymringsangst for første gang når de nærmer seg pensjonsalder. Vanlige symptomer er uro, muskelspenninger, irritasjon, konsentrasjonsvansker og søvnproblemer.

Ved Solli DPS gjennomfører vi nå en behandlingsstudie i samarbeid med Universitetet i Bergen for å utvikle bedre behandling for eldre mellom 60-75 år som lider under generalisert angstlidelse, og alle som deltar i denne studien vil motta anbefalt behandling for denne lidelsen.

Dersom dette kan være aktuelt for deg, kan du ta kontakt for å få mer informasjon. Du kan også ta med denne annonsen til din fastlege og drøfte med denne om dette kan være aktuelt for deg.

Kontakt: Silje Haukenes Stavestrand eller Kristine Sirevåg

Telefon: 55 61 82 37

Telefonen besvares i kontortid kl. 07:30 – 15:00.

Oppstart skjer fortløpende, ta kontakt snarest for deltagelse.

For kontakt via e-post: [GAD@solli.no](mailto:GAD@solli.no)

Du kan lese mer om studien på [sollidps.no](http://sollidps.no)

## LANGEDALEN OPP

10. september 2017 kl. 14.00

Passer for alle - motbakkeløp og familietur



Kr. 2000 til raskeste mann og kvinne på toppen

Et gavekort verdi kr. 3.000 trekkes blant alle som deltar

SOFTELAND

Softeland TIL friidrett ønsker velkommen til motbakkeløp opp Softelands bratteste bakke.

### Løypen:

- Turklasse 1400m - høydeforskjell 110 m
- Konkurranseklasse 2000m - høydeforskjell 150 m

### Starttider

- Turklasse / mosjonsklasse kl. 14.00
- Konkurranseklasse lang løype kl. 14.15

### Startkontingent:

- Kr. 150 i konkurranseklassen (kr. 200 ved ettermelding)
- Kr. 50 i turklassen (familierabatt i turklassen - maks kr. 150 pr familie)

### Premier:

- Kr. 2.000 og kr. 1.000 og kr. 500 til de tre beste menn og kvinner i konkurranseklassen.
- Kr. 2.000 i premie for ny løyperekord både i klassen for kvinner og menn.
- Løyperekord kvinner 2000m: 08.13
- Løyperekord menn 2000m: 07.09
- Premietrekning på startnummer
- Premieutdeling kl. 14:45

### Parkering:

- På Softeland Skule

### OS KOMMUNE INFORMERER

## Kulturstipend 2017

Unge lovande utøvarar innan kulturfeltet som bur i eller er frå Os, kan søkja om kulturstipend. Søknadsfrist 5. oktober 2017.

## Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Handlingsprogrammet til kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skal rullerast Lag og innbyggjarar kan koma med innspel til handlingsprogrammet fram til 5. oktober 2017.

## Spelemidlar 2018

Nye søknader om tilskot til spelemidlar på ordinære anlegg og nærmiljøanlegg for 2018, må meldast til kultureininga innan 5. oktober 2017.

## Trafikksikringsplan 2018-2022 på høyring

Plan- og bygningsutvalet vedtok i møte 31.august å leggja ut «Trafikksikringsplan for 2018-2022» ut på høyring. Frist for å komma med innspel er satt til 20.10.2017.

Meir informasjon om søknader og høyringar på [oskommune.no/innsyn/kunngieringar/](http://oskommune.no/innsyn/kunngieringar/) eller i kommunetorget på rådhuset.

Os kommune | T: 56 57 50 00  
postmottak@os-ho.kommune.no  
oskommune.no



INSPIRERER



## KURS hausten 2017

**DOBBELKAKER** frå Hålandsdalen, 8 t, med Olaug Bjørndal. Stad: Hålandsdalen Montessoriskule. Tid: 7. okt. kl. 10-18. Pris 600,-/750,- (medl./ikkje-medl. av Norges husflidslag).

**ØLBRYGGING**, 12 t, med Fjorden Ølbryggerlag. Stad: Løa på Helland. Tid: 3. nov. kl. 18-21, 4. nov. kl. 10-16 og 17. nov. kl. 18-21. Pris 800,-/900,-.

**TREDREING**, 21 t, med Nils Martin Bjørndal. Stad: Haandtværsgaarden i Bjørndal. Start 23. sept. kl. 10. Vidare etter avtale. Pris 1.400,-/1.575,-.

Kursa vert støtta av Studieforbundet. Pårn. innan 16. sep. til: Olaug Bjørndal, tlf. 482 61 757. Utg. til kursmaterieill kjem i tillegg.

## Vener av Lyngheim inviterer til

## INTIMKONSERT

i LEMSTOVA på Lyngheim, torsdag 14. september kl. 19.00.

Velkomen til konsert med BERIT OPHEIM og GABRIEL FLIFLET. To markante musikarar som har følgd kvarandre i tretti år, arbeid i lag i ny og nê, og sett spor kvar for seg. No kjem dei til Lyngheim.

Bill. kr 250,- og kan tingast hos Torolf Juvik, tlf. 949 71 690 – e-post til: [thjuvik@online.no](mailto:thjuvik@online.no). Bindande påm. kan òg gjerast ved innbetaling til Stiftinga sin konto 3633.31.79568. Vi har Vipps. Betal til Stiftinga Lyngheim – og billettane blir reservert til deg.

**NB! Kun 45 billetter – førstemann til mølla!**

Dørene opnar kl. 19.00. Velkomen til ein kopp kaffi og ein prat før konserten. Beste måten å koma til Lyngheim på er til fots.

Sjå også heimesida vår: [www.lyngheim.no](http://www.lyngheim.no)

Konserten er støtta av



## Os Pensjonistforening innbyr til

## HYGGJEKVELD

i ELDRESENTERET

fredag 15. september kl. 18.00

Varm mat, kaffi og kaker.

Song v/ HEGE og ELLA VARHAUG LEKVEN.

Medlemmer kr 250,- / ikkje-medl. kr 300,-.

Bindande påm. innan 13. sept. til Kari, tlf. 974 80 634.

Vel møtt!

Helsing Aktivitetsgruppa



## Kystkultur i 22 kommunar på Vestlandet

12. august til 17. september 2017

Laurdag 9. september

Bergen Sandviksdagene, Sandviken 10-17

Korsfjorden Bergen Singelhandregatta, 11-20

Sundag 10. september

Fusa Kystsogedag på Tønnegarden, 12-17

Tysnes Foredrag om Svartedauden, Skorpo 15

Les alle detaljane på

[www.kystsogevkene.no](http://www.kystsogevkene.no)